

14/1135


20-April-2015



Lindås kommune
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

postmottak@lindas.kommune.no

(vert sendt både pr post og e-post)



Vår ref.: 318313-001\1523757\v1\sttu
E-post: steinulf.tungesvik@kluge.no
Ansvarlig advokat: Steinulf Tungesvik

Bergen, 17. april 2015

ANDRE GONGS FORLENGING AV DET MELLOMBELS BYGGEFORBODET FOR KNARVIK SENTRUM

Vårt advokatfirma representerer Norbo AS ved Olav Kåre Vatnøy i saka.

Kommunen sende 1. april 2015 brev til arkitekt Rolv Eide for Norbo AS etter at Eide hadde sendt orientering om ikkje søknadspliktig flytting av innvendig og ikkje berande vegg på senteret. I brevet er det vist m.a. til det mellombels byggeforbode.

Andre gongs forlenging vart vedteken i Planutvalet 4.3.2015. Vedtaket, som er eit enkeltvedtak etter forvaltingslova, vart klaga på, m.a. av Norbo AS, utan at dei har fått orientering om klagehandsaminga. Saka hastar og eg ber Lindås kommune straks og seinast 22. april i år opplysa korleis klagen(e) er handsama, kva som er kommunens heimelsgrunnlag for vedtaket om forlenging og korleis prosessen med klagehandsaminga er lagt opp.

Som kjend er vilkåret for forlenging, og særleg ei ytterlegare forlenging, svært snevert etter ny plan- og bygningslov, jf. § 13-3.

I lovførearbeida, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) på side 239, går dette fram. Tidlegare praksis under gamal lov har lite relevans, sidan perioden for eit første vedtak om forbod er dobla. Det heiter om dette i merknaden til § 13-2: «I bestemmelsen, som tilsvarer fjerde ledd i dagens § 33, er det gjort en realitetsendring ved at forbudets virkeområde i tid er endret fra to til fire år. Dette skyldes i det vesentlige behov for en noe lengre frist for å gi tid til å revidere kommuneplan og for å kunne utarbeide regional plan og planbestemmelse. Dette samsvarer med den fire-årige planperioden i regioner og kommuner. Med en slik ytre utvidelse av fristen er det imidlertid en forutsetning at det skal helt spesielle grunner til for å forlenge fristen ytterligere.» (mi understreking).

Kluge Advokatfirma Stavanger
Labergget 24, Hinna Park
Postboks 277
4066 STAVANGER

Tel: 51 82 29 00
Fax: 51 82 29 01
E-post: stavanger@kluge.no

Kluge Advokatfirma Oslo
Bryggegate 6
Postboks 1548, Vika
0117 OSLO

Tel: 23 11 00 00
Fax: 23 11 00 01
E-post: oslo@kluge.no

Kluge Advokatfirma Bergen
Starvhusgaten 2 B
Postboks 394 Sentrum
5805 BERGEN

Tel: 55 21 98 00
Fax: 55 21 98 01
E-post: bergen@kluge.no

Organisasjonsnummer
913 296 117 MVA

Bank
9685.27.21690 (driftskonto)
9685.27.21755 (klientmidler)
9685.27.54068 (eiendomsmegling)
SWIFT: HANDNOKK

I denne omgangen ber eg altså om å få alle opplysningar om klagehandsaminga, inkludert alle dokument som ligg føre i så måte, også alle klager som kom inn og handsaminga av desse, samt fullstendig referat frå møtet i Planutvalet som gjorde vedtak (4.3.2015) og eventuelle førebuande dokument til dette. Etter det vil eg koma tilbake til spørsmålet om kor vidt vedtaket er gyldig, og viser til det som er sagt ovanfor. Til det konkrete tiltaket, som det altså lojalt vart sendt orientering til kommunen om sjølv om det ikkje er søknadspliktig, viser eg for ordens skuld til at det på ingen måte kan vanskeleggjera planarbeidet, og at kommunen ikkje bør ha merknader til det allereie ut frå orienteringa. Dette kjem eg tilbake til.

Med venleg helsing

Kluge Advokatfirma AS



Steinulf Tungesvik

Kopi: Norbo AS, Kvernhusmyrane 15, 5914 ISDALSTØ (e-post)
Arkitekt Rolv Eide (e-post)